

1. Innleiing

Oppgåveteksten i Odden (2005: 124) bed oss “[p]ay attention to the difference between surface [b, d, g] and [β, ð, γ], in terms of predictability.” [b, d, g] står i komplementær distribusjon med [β, ð, γ], for [β, ð, γ] står i omgjevnaden [+son, +kont] _ [+son, +kont], og [b, d, g] elles. [+son, +kont] er ein naturleg klasse som i katalansk omfattar vokalar og [r, l, l̪]. (Eg brukar IPA-transkripsjon.) Difor kan vi rekne med at vi i UR (den underleggjande representasjonen) finn /b, d, g/, og at [β, ð, γ] blir innførde med ein allofonisk regel, ein assimilasjonsregel der stemde obstruentar blir kontinuantar mellom lydar som er sonorantar og kontinuantar:

(1) [-son, +stemt] → [+kont] / [+son, +kont] _ [+son, +kont]

Vi skal analysere adjektiv oppgjevne i msg (maskulinum eintal) og fsg (femininum eintal). Msg-formene utgjer eitt morfem kvar, medan fsg-formene har eit suffiks [ə] som uttrykkjer fsg, jf paret msg [əkəlʲ] og fsg [əkəlʲ-ə]. [əkəlʲ] er *stamma* og [ə] er *fsg-suffikset*.

2. Nøytralisering og prediktabilitet

All allomorfisk veksling finst stammefinalt, og det handlar stort sett om at konsonantismen i slutten av stamma i fsg og msg er litt forskjellig, eller msg manglar ein konsonant som finst i fsg. Det er mange fleire ulike konsonantar og konsonantgrupper stammefinalt i fsg enn i msg. Ei samanlikning av den stammefinale konsonantismen i msg og fsg viser mellom anna at *intervokalisk* (V_V) i fsg er det distinktiv opposisjon mellom ustemde og stemde plosivar som ikkje finst *ordfinalt* (_#) i msg: Intervokalisk finn vi plosivane /p b t d k g/, og ordfinalt finn vi /p t k/. Dette må analyserast som at katalansk har distinktiv opposisjon mellom ustemde og stemde plosivar, men denne opposisjonen er *nøytralisert* ordfinalt. Vi postulerer UR-ar *med* denne opposisjonen og ein fonologisk regel som nøytraliserer opposisjonen ordfinalt. Her er dei relevante UR-ane:

/ʃop/	/ʃop-ə/	‘drenched’	/kəzad/	/kəzad-ə/	‘married’
/tot/	/tot-ə/	‘all’	/orb/	/orb-ə/	‘blind’
/pək/	/pək-ə/	‘little’	/seg/	/seg-ə/	‘blind’
/əskerp/	/əskerp-ə/	‘shy’	/grog/	/grog-ə/	‘yellow’
/sək/	/sək-ə/	‘dry’	/kəndid/	/kəndid-ə/	‘candid’

/brut/	/brut-ə/	‘dirty’	/bwid/	/bwid-ə/	‘empty’
/frəd/	/frəd-ə/	‘cold’	/fəʃug/	/fəʃug-ə/	‘heavy’
			/purug/	/purug-ə/	‘fearful’

Vi må postulere regel (2), og vegen frå UR til FR (fonetisk representasjon) er vist under.

(2) [-son] → [-stemt] / _ #

UR	/pɔk/	/pɔk-ə/	/seg/	/seg-ə/
Regel 2	–	–	sek	–
Regel 1	–	–	–	sey-ə
FR	[pɔk]	[pɔkə]	[sek]	[seyə]

Regel (1) og (2) er ikkje ordna i høve til kvarandre. Regel (2) er formulert så generelt som råd, og kan òg brukast ved frikativar – jf orda som endar på [s] i msg. Nokre av dei har stammefinal [s] i fsg, andre har [z], og i UR må vi rekne med både /s/ og /z/, og opposisjonen blir nøytralisert ordfinalt. Her er UR-ane; eg har teke med orda som har stammefinal [ʃ] i både msg og fsg, der eg postulerer /ʃ/ i UR.

/əspes/	/əspes-ə/	‘thick’	/frənsez/	/frənsez-ə/	‘French’
/gros/	/gros-ə/	‘large’	/prəsiz/	/prəsiz-ə/	‘precise’
/koʃ/	/koʃ-ə/	‘lame’	/griz/	/griz-ə/	‘grey’
/baʃ/	/baʃ-ə/	‘short’			

Vegen frå UR til FR blir då slik for nokre utvalde døme:

UR	/gros/	/gros-ə/	/griz/	/griz-ə/
Regel 2	–	–	gris	–
Regel 1	–	–	–	–
FR	[gros]	[grosə]	[gris]	[grizə]

Vi skulle ha venta at ord med stammefinal [ʒ] i fsg fekk [ʃ] ordfinalt i msg, men dei får [tʃ] i staden: [rɔʃ, rɔʒə], [botʃ, boʒə]. Det er mogeleg å postulere UR-ar for desse orda som gjer at dei reglane vi alt har, gjev oss korrekte FR-ar:

UR	/rɔʃ/	/rɔʃ-ə/	/boʃ/	/boʃ-ə/
Regel 2	rɔʃ	–	botʃ	–
Regel 1	–	rɔʒə	–	boʒə
FR	[rɔʃ]	[rɔʒə]	[botʃ]	[boʒə]

Eg har analysert vekslinga [tʃ] ~ [ʒ] i [rɔʃ, rɔʒə] og [botʃ, boʒə] parallelt med vekslingane mellom ustemd plosiv og stemd frikativ i m.a. [sek, seʏə]. [ʃ] og [ʒ] har komplementær distribusjon på same vis som m.a. [g] og [ɣ], og underliggjande /ʃ/ blir [ʒ] med regel (1) og til [tʃ] med regel (2). /ʃ/ “overlever” som [ʃ] m.a. etter nasal: /flɔndʒu/ [flɔndʒu].

3. Ord som endar på nasal i msg

Det finst fleire msg-former som endar på nasal: [suβlim, san, prufun, dæsen, æstuðian, kælən, fækun, dulen, blaŋ]. Forma som endar på [m], har òg stammefinal [m] i fsg; dei som endar på [n], har stammefinal [nt] eller [nd] i fsg; den som endar på [ŋ], har stammefinal [ŋk] i fsg. Sidan det ikkje er prediktabelt om fsg har [nt] eller [nd] stammefinalt når msg endar på [n], må vi postulere UR-ar med same konsonantisme som i fsg, og ha underliggjande /m/ i /sublim/ og /ŋk/ i /blaŋk/: /sublim, sublim-ə/, /sant, sant-ə/, /prufund, prufund-ə/, /dæsent, dæsent-ə/, /æstudiant, æstudiant-ə/, /kælent, kælent-ə/, /fækund, fækund-ə/, /dulent, dulent-ə/, /blaŋk, blaŋk-ə/. Det trengst ein ny regel, som stryk plosiv i ordfinalt etter ein nasal (regelen blir revidert i seinare):

(3) [–son, –kont] → Ø / [+nas] _ #

Regel (3) er ikkje ordna i høve til regel (2) – eller regel (1). Hadde (3) verka sist, ville /d/ ha blitt [t] ordfinalt før han fall bort.

UR	/sant/	/sant-ə/	/prufund/	/prufund-ə/
Regel 3	san	–	prufun	–
Regel 2	–	–	–	–
FR	[san]	[santə]	[prufun]	[prufundə]

4. Ord med stammefinal [n] eller [r] i fsg

Ein del ord har [n] stammefinalt i fsg. Denne [n]-en manglar i msg: [sa, sanə], [bo, bonə], [əlβi, əlβinə], [pla, planə]. Desse stammene må ende på /n/ i UR, dvs /san, san-ə/, /bon, bon-ə/, /əlβin, əlβin-ə/, /plan, plan-ə/, for det finst òg stammer av typene [du, durə] og [kru, kruə], som viser at [n] ikkje er prediktabel i denne posisjonen. Dersom vi postulerer regel (4), kan vi rekne med at vegen frå UR til FR blir som nedanfor.

(4) [+koronal, +nasal] → Ø / _ #

(4) må verke før (3). I motsett fall hadde vi fått /sant/ → (3) → [san] → (4) → *[sa].

UR	/san/	/san-ə/	/sant/	/sant-ə/
Regel 4	sa	–	–	–
Regel 3	–	–	san	–
FR	[sa]	[sanə]	[san]	[santə]

Det finst fleire ord som endar på vokal i msg: [nu, nuə], [kru, kruə], [səyʉ, səyʉrə], [sərəðo, sərəðorə], [kla, klarə] og [du, durə]. UR-ane blir /nu, nu-ə/, /kru, kru-ə/, /səgur, səgur-ə/, /sərəðor, sərəðor-ə/, /klar, klar-ə/ og /du, dur-ə/. For å fjerne ordfinal /r/ i msg kan vi revidere regel (4), så han strykkjelaterale koronale sonorantar ordfinalt:¹

(4) REV [+kor, +son, -lat] → Ø / _ #

UR	/nu/	/nu-ə/	/dur/	/dur-ə/
Regel 4 REV	–	–	du	–
FR	[nu]	[nuə]	[du]	[durə]

5. Revisjon av regel (3)

Eg har postulert regel (3), som strykk plosivar ordfinalt etter nasal. Det finst ord som indikerer at regelen ikkje er generell nok: [al, altə], [kur, kurtə], [ber, berðə]. Desse orda må ha med /t/ og /d/ stammefinalt i UR: /alt, alt-ə/, /kurt, kurt-ə/, /berd, berd-ə/. Orda [mal, malə] viser at det ikkje ville fungere med ein regel som set inn [t] stammefinalt føre /ə/, og eit underliggjande */kur/ i staden for /kurt/ ville misse /r/ i msg: *[ku], pga

¹ Ord som [mal, malə] og [əkəlʲ, əkəlʲə] viser at regelen ikkje gjeld for lateralar.

(4) REV. For at /t/ skal falle bort ordfinalt i /alt/, /kurt/, /berd/, treng vi ei revidert utgåve av regel (3), nemlig (3) REV, som stryk ordfinale plosivar når dei fylgjer ein konsonantisk sonorant med same artikulasjonsstaden:

(3) REV [-son, -kont, αart-stad] → Ø / [+son, +kons, αart-stad] _ #

Har plosiven og den føregåande ikkje-konsonantiske sonoranten ulik artikulasjonsstad, blir plosiven ståande, jf /orp, orp-ə/ ‘blind’, /æskerp, æskerp-ə/ ‘shy’ og /lʰarg, lʰarg-ə/ ‘long’:

UR	/kurt/	/kurt-ə/	/dur/	/dur-ə/	/lʰarg/	/lʰarg-ə/
Regel 4 REV	–	–	du	–	–	–
Regel 3 REV	kur	–	–	–	–	–
Regel 2	–	–	–	–	lʰark	–
Regel 1	–	–	–	–	–	lʰary-ə
FR	[kur]	[kurtə]	[du]	[durə]	lʰark	lʰary-ə

9. Dei tre siste adjektiva

No har eg berre tre adjektiv att: [flɔndʒu, flɔndʒə], [ægzaktə, ægzaktə] og [dropu, dropə]. Det er rimeleg å postulere UR-ane /flɔndʒu, flɔndʒu-ə/, /ægzaktə, ægzaktə-ə/ og /dropu, dropu-ə/ og ein regel som stryk ein vokal føre ein annan vokal, når det finst minst éin vokal lenger framme i ordet:

(5) V → Ø / VC₁ _ V

UR	/nu/	/nu-ə/	/flɔndʒu/	/flɔndʒu-ə/	/ægzaktə/	/ægzaktə-ə/
Regel 5	–	–	–	flɔndʒ-ə	–	ægzakt-ə
FR	[nu]	[nuə]	[flɔndʒu]	[flɔndʒə]	[ægzaktə]	[ægzaktə]

6. Oppsummering og konklusjon

Eg har postulert reglane (1), (2), (3) REV, (4) REV og (5). Regel (4) REV må verke før (3) REV. Elles er det ingen særskilde krav til kva rekkjefylgje reglane skal verke i.

Bibliografi

Odden, David 2005. *Introducing Phonology*. Cambridge: Cambridge University Press.